

Styret: Stian Hauge (styreleiar), Kamilla Minde, Jeanett Torsdalen, Kristin Stray Jacobsen og Geir Saxhaug.

Tilsette: Regine Heimdal har vore tilsett som dagleg leiar frå 01.04.23, medan Cecilie Austjore-Hosum er i permisjon. Marit Wright er framleis rekneskapsførar. (Eik Saxhaug var mellombels tilsett i juli for å drifte utlåssentralen, med god suksess.)

Medlem: Frivilligsentralen har ved utgangen av 2022 13 medlem: NKS Vrådal, Kviteeid IL, Kviteeid Turlag, NKS Kviteeid, LHL Vest-Telemark, Kviteeid Pinsemenighet, Kulturhuset Sundvang, Kviteeid kommune v/ Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, Kviteeid kommune v/ Idrettsrådet, Kviteeid Pensjonistlag, Kviteeid Næringslag, Morgedal idrottslag og Misjonshuset Kviteeid Normisjon.


Hovudfokus i 2023:

Ungdomskonserter og sikre drift av allereie etablerte arrangement.

Nokon oppsummerande ord: Dagleg leiar gjekk ut i foreldrepermisjon og vikar kom inn i April. Vikaren tykkjer ho blei teke godt i mot av eit delaktig og lærevillig styre. Dei har vist tolmod og engasjement! Det har vore eit utruleg interessant år, me har så mange flinke og engasjerte frivillige i kommunen.


Kviteseid utlånsentral:

I byrjinga av 2023 vart det avklart at Kviteseid kommune skal gje midlar til drift av utlånsentralen. Kommunen betalar Kvito AS for husleige og drift. I løpet av vinteren 2023 har me og handla inn vinterutstyr som langrennsski, truger og pulk. Friluftslivutstyr som telt, soveposar, hengekøyer, primus, sekk og ein del utstyr til klatring. Sumaren 2023 tilsette me Eik Saxhaug for å drive utlånsentralen i sumarferien. Det fungerte bra då han hadde kunnskapen og kontaktane til å reparere både sykklar og ana utstyr. Sumaren 2023 fekk me også 3 packraftar av Kvito AS til vår utstyrsbank, med årer og vestar. Det var ei raus gåve og dei har blitt lånt ut ein del allereie.



Faste arrangement som frivilligsentralen er (med)arrangør av:

- **Øpen hall:** det som var eit nytt tilbod for ungdomane for eit år sidan, har no blitt eit godt etablert fritidstilbod. På Øpen hall kan ungdomane drive med aktivitet i hallen, game på E-sportrommet, spile på instrument på musikkromma eller skote på skjotebanen. I foajeen kan dei handle seg både varmmat og kioskvarer. Det har generelt vore god deltaking, og fleire vaksne bidreg trufast som frivillige. Me har med to elevteam frå Kvitsund som har sin kristendomspraksis der, ved å arbeide i både kiosk og ute i miljøet. Det er flott med kvitsund elevane, dei engasjerer ungdommane på ein god måte, dei har hatt nokre konkuransar og satt i gang aktivitetar som engasjerer mange. Me har også eit godt samarbeid med Waldenstrøm med kjøp av mat. Me har i år fengje midlar til å handle inn sofaer og anna interiør som kan gjere foajeen betre, samt pengar til å arrangere ekstra aktivitetar. Me leigde boblefotball og bowcombat utstyr, det var stor suksess. Skyttarlaget er fast med i deira inne sesong, det er ein god del ungdom som nyttar seg av tilbodet om å kunne vere på skjotebanen i løpet av ein kveld på øpen hall.



- **Ungdomskafé på Hvidesøe:** Ungdomskaféen har fortsette dette året, annakvar torsdag frå kl 14-16. Det er eit samarbeid mellom frivilligsentralen, Psykisk helse og kafé Hvidesøe. Jeger og fisk slang seg også med, heldt opent nokre goner sjå seg så ungdomane kan bort og prøve seg på jaktsimulatoren. På Hvidesøe kan ungdomane handle seg mat, bolle og kakao til 25kr stk, sitte å skravle eller spele brettspel og dart.



- **Fredagsdisco:** Fredagsdiscoen for menneske med nedsett funksjonsevne har vore ein stor suksess! Det har kome deltakarar frå heile Vest-Telemark, og mange frivillige bidreg kvar gong. Her er det og eit Kvitsund team som er med. På fredagsdisco har me fast musikk, dans, karaoke, loddsal og kiosk, og av og til andre aktivitetar òg.



- **Leik og moro med Lundenjordet:** Me har også fått på plass samlingar for dei frå Lundenjordet som er på Krodokk dagsenter. Dei har kome til Næringsshagen annakvar Tysdag for leik, song og kaffi. Me kastar og trillar ball, har quiz, bygger med klossar, leiker kims leik, spelar og syng og meir.



- **Språkkafé:** . Ein språkkafé starta opp fast ein gong i månaden på Misjonshuset frå januar 2023, med Kristen Salmelid som hovudansvarleg. Frivilligsentralen har bidratt med PR og innkjøp av språkkort ein kan nytte. Det har vore godt oppmøte og ein flott arena for å bli kjend, og tydeleg eit tilbod som trengs per no. Her lagar dei mat, slik at alle som kjem får eit gratis måltid. Det møter ein stor gjeng med faste besøkande, både norsktalande og ikkje.



- **Stolpejakten:** For fjerde året på rad vart stolpejakten arrangert i Kviteseid kommune. Til saman har 1450 unike personar vore på stolpejakt, og kvar einaste dag har nokon skanna ei stolpe. Nye frivillige har også vore med på å finne stolpeplassar, historiske tekstar og satt ut stolpar, og dei har teke mykje ansvar. Det er flott å sjå! I år byrja me med kunst kart, stolpane er då plassert der ein trur kunstnaren har stått når han måla biletet sitt. Arbeidet tok lenger tid enn venta å difor blei prosjektet noko mindre enn håpa, me fekk vidareformidla prosjekt midlane, så det vert ein kunst kart også i 2024. Det vart 5 stolpar satt ut i år. I år var nokre frå Kvito med for å setje ut stolpar, det var hyggeleg. Me hadde og eit samarbeid med Kviteseid skule der dei fekk lage ein eigen runde i stolpekartet og me sette ut stolpane. Det er ein solid gjeng med frivillige som er veldig aktive i stolpejakten!



Enkeltarrangement:

- **UKM og Øpen hall:** Me samarbeida med kulturskulane i Kviteseid og Seljord, om eit arrangement der kulturskulen kunne vise fram kva UKM kan vere, kva ein kan stille opp med der og korleis tidlegare deltakerar har opplevd det. Det blei arrangert ein mini konsert med Symre Taugbøl Bang, ho song sine eigne låtar og fortalte frå sine opplevingar i UKM. Sonja Bakken Braun var der for å stille ut sine teikningar, ho hadde og ein teikne workshop, der ho synte ungdommane korleis teikne, ho fortalde og om korleis ho hadde opplevd UKM. Målet med kvelden var å inspirere fleire unge til å melde seg på mønstringa . Det vert organisert saman med øpen hall, så kiosken og dei aktivitetane som plaga vere var og denne kvelden. Det vart satt opp transport frå Seljord, kaktus ungdomsklubb kom med sine ungdommar. Hyggeleg kveld med god stemning.



- **Skøytedisco :** Som året før, vart det også i år skøytedisco som ein del av Kviteseidmarken fredag kveld. Igjen kom det massevis av store og små, og det var lys, musikk og fyrverkeri. Nytt i år var sal av pølser og brus, og ein kunne låne seg skøyter frå utlånssentralen på staden.



Godkjende søknadar om stønad:

- **Midlar til utlånsentralen:** På tampen av 2022 fekk me innvilga 200 000kr frå Sparebankstiftelsen DNB til å handle utstyr for. Det vert handla inn vinterutstyr og friluftsutstyr i løpet av vinteren 2023. Me fekk og innvilga eit tilskudd hjå Bufdir over 3 år som skal dekke innkjøp og noko drift til utlånsentralen.




Midlar til «opne møteplassar for ungdom»: Me fekk full pott av Gjensidigestiftelsen før jul på 266 350kr som skal kome ungdomane til gode på fleire vis. Dette gjeld møblar og aktivitetar til Øpen hall, Ungdomskaféen, rusfrie fellesarrangement for ungdomar i regionen, slik som konsert under Victoriafestivalen, mogleg ferieworkshops og til slutt gratis skibuss til Vrådal Panorama. Skibussen har gått kvar laurdag i heile vinter, frå Seljord til skisenteret i Vrådal. Den har vore veldig populær, og tidvis heilt full!

- **Ungdomskonserteren:**

Me fekk innvilga søknad om tilskot til gratis rusfri ungdomskonsert hjå Gjensidige, sparebanken sør, Frifond og Kulturtanken. Saman med ungdomsrådet, kommunen, frivilligsentralen og lokalt næringsliv blei det arrangert rusfri konsert for ungdom i heile Vest Telemark. Det vart midlar nok gratis buss for ungdom som nabo kommunane og. Ungdomsrådet fekk sjølve kome med forslag til artistar, pluss dei valte to konferansierar for kvelden. Det blei to gitarar frå ungdomstrinnet, som tok regien og losa

publikum igjennom konsertane. Det var Bølgen, Zadeking og Morgan Sulele som var på scena. Me bestilte 500 armband der mottoet «du er god nøkk» blei trykt på. Desse blei delt ut til alle besøkande og artistar. Artistane fekk ein backstage på brygga, dei delte flittig frå kviteseid på sine SoMe igjennom dagen, når dei gjekk på scena var det ca 300 ungdom som jubla og song med, det gav lyd til mange i Kviteseid! Området vert delt i to, eit «familie» område for mindre born og eit for ungdom. Det var ein veldig morosam kveld, det såg ut til at alle kosa seg, både unge og arrangørar!





Anna:

- **Komp:** I 2023 har Kviteseid Frivilligsentral distribuert ut 2 gratis KOMP til eldre folk i kommunen. Det er Vest-Telemarkrådet som har søkt og fått midlar til å handle inn teknologi som skal førebyggje einsemd blant eldre. Ein KOMP er kort fortald ein svært enkel datamaskin som familiemedlem kan sende inn bilete og videoar til. Bileta vil rulle og gå som ei ljusbileteframsyning. Ein kan også ha videosamtale. Dagleg leiar har og vore tilgjengeleg som hjelpar for nokre som har opplevd problem eller utfordringar med sine allereie installerte KOMP.
- **Aktivitetsoversikt:** Det starta som ein oversikt over aktivitetar tiltenkt dei ukrainske flyktningane. Seinare fekk dagleg leiar eit godt tips om at også ansatte innanfor helse burde ha ein slik oversikt, sidan dei er i kontakt med mange folk som kan ha trong eller glede av å delta på noko for den fysiske eller psykiske helsa si. DL hadde eit møte med legane i Kviteseid og informerte om dette, og også dei på psykisk helse og helsestasjonen fekk ein utskrift av oversikten. Oversikten ligg også på nettsida vår.



Bilete 1 Florence Salisbury/No isolation

- **Flyktningane:** Frivilligsentralen har bidratt med å rekruttere frivillige som har ynskt å hjelpe til i forbindelse med at kommunen mottok ukrainske flyktningar. Me har også nytta kanalane våre for å samle inn møblar, klede og meir. I desember var frivilligsentralen med på førjølstreff på Straand Hotell der Smaken av Fjell-Telemark arrangerte. Det kom flyktningar frå heile vest telemark til ein fin kveld med servering av gløgg ute, taler og song om håp. Me fekk servert norsk tradisjonsjolemat av hotellet og flyktningane hadde underholdning av song og taler.



- **Buss til arrangementer hjå naboane:** Fredag 2. juni var det rusfri konsert i Hjartdal, Laurdag 3. Juni var det ein rusfri konsert i Treungen, begge for ungdom. Me satte opp gratis buss til/frå slik at dei ungdommane som ville kunne delta på desse. Fredag 27. Oktober arrangerte Granvin kulturhus saman med Kaktus ungdomsklubb halloween party på granvin, me satte og opp buss til/frå til dette arrangementet, gratis for ungdommane i kommunen.
- **Frivilligsentralen sine lokale:** Me leiger ein kontorplass på Næringshagen, og kan nytte kantina til arrangement og møteromma på huset. Elles nyttar me andre lokaler i kommunen til dei ulike arrangementa, og dette fungerer bra per no.

Intensjonsavtale med kommunen: Kviteseid frivilligsentral og Kviteseid kommune har fått ei skriftleg intensjons- og samarbeidsavtale seg imellom.

Årsrapporten er skriven av vikarierende dagleg leiar,
Regine Hestehagen Heimdal

